

Begrunnelse for forslag til NM-øvelser og -klasser fra Sogn og Fjordane Skyttarkrins.

Pistol-greinene i NSF har eit breitt tilbod som passer til mange utøvarar. Vi trur at om vi reduserer tilbodet i NM, kommer sporten vår til å bli rasert, da fleire ikkje vil ønske å delta i NM og kan finne seg andre skyteformer å konkurrere i.

Det er særdeles viktig at vi har eit tilbod på Ungdom, Junior og kvinnesida i NM.

I forslaget som komiteen har laga, er V klassene prioritert, men ungdom/junior/kvinner er nedprioritert.

Forbundet har køyrt eit eige jenteprosjekt og har eit ungdomsutval. Kva er deira innspel på saken? NM bør være eit arrangement som passar for bredda og såleis bør ikkje dette forslaget få stå.

Styret i Sogn og Fjordane Skyttarkrins ønsker å oppretthalde dagens øvingar/klasser og legge til eventuelle nye frå ISSF.

Førde, 01.03.2018

Styret i Sogn og Fjordane Skyttarkrins.